

# Deloitte.



## Bokn kommune Overordna analyse

September 2016

«Overordna analyse»

September 2016

Rapporten er utarbeidd for Bokn  
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen,  
5892 Bergen  
tlf: 51 21 81 00  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)  
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

# Innhald

1. Innleiing	4
2. Oversikt over identifiserte risikoområde	7
3. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt	18
4. Tidlegare forvaltningsrevisionar	20
Vedlegg: Statistikk	21

# 1. Innleiing

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. Dette dokumentet er eit analyse-grunnlag som skal danne grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for 2016-2020.

For at kontrollutvalet sin nye plan skal spegle dei viktigaste områda i kommunen der det er behov for forvaltningsrevisjon, har Deloitte gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering (overordna analyse) av verksemda til kommunen. I prosessen med den overordna analysen har det blitt lagt opp til involvering, både av kontrollutvalet administrasjonen og politiske organ.

Analysen er av overordna karakter, og i stor grad basert på innspel som har komme fram gjennom prosessmøte, spørjeundersøking og gjennomgang av tilgjengeleg skriftleg informasjon. Informasjon som har komme fram i prosessmøte og spørjeundersøking er bare i avgrensa grad verifisert av kommunen i denne analysen. Informasjonen er i analysegrunnlaget brukt som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgast opp/undersøkast i ein forvaltningsrevisjon dersom kontrollutvalet og kommunestyret vedtar dette.

## 1.1 Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon

I forskrift om kontrollutval § 10 går det fram at:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv, som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Det er også eit krav om at planen skal vere basert på ei overordna risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorar og virksomheter.

Føremålet med den overordna analysen er å skaffe relevant informasjon om kommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekke indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i forhold til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til sannsynet for og konsekvensane av at det kan førekommme avvik frå for eksempel regelverk, mål, vedtak og andre føringer som kommunen har sett for verksemda.

Risiko bør vurderast innanfor alle kommunen sine vesentlege tenesteområde. På bakgrunn av denne risikoanalysen blir det utarbeidd forslag til forvaltnings-revisjonsprosjekt. Det er kontrollutvalet må avgjere kva prosjekt dei ønskjer å prioritere i sin plan for forvaltningsrevisjon.

I regelverket går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at verksemda blir gjenstand for forvaltningsrevisjon, og er ansvarleg for å bestille forvaltningsrevisjon av revisjonen. Bestilling av prosjekt for forvaltningsrevisjon skal som hovudregel ta utgangspunkt i utarbeidd plan for forvaltningsrevisjon som er vedtatt av kommunestyret.

I kommunelova § 77 er forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader. Tema for forvaltningsrevisjon kan bl.a. vere å (jf. forskrift om revisjon § 7):

- vurdere om forvaltninga bruker ressursar til å løse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader
  - vurdere om forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive for å nå måla som er satt på området
  - vurdere om regelverket blir etterlevd
  - vurdere om forvaltninga sine styringsverktøy og verkemiddel er hensiktsmessige
  - vurdere om saker frå administrasjonen til dei politiske organa er tilstrekkeleg utgreidde
  - vurdere om resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller om resultata for verksemda er nådd

I praksis har kontrollutvalet stor fridom til å definere korleis prosjekta skal utformast gjennom føremål og problemstillingar. Forvaltningsrevisjon kan gjennomførast innanfor alle tenesteområda i kommunen. Men i følgje forskriftera skal gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skje i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området. Det skal også etablerast revisjonskriterium for det enkelte prosjekt.

## **1.2 Metode for gjennomføring av overordna analyse**

### 1.2.1 Dokumentanalyse

Dokumenta som er gjennomgått er i hovudsak informasjon frå Bokn kommune si heimeside, årsmelding 2015, budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019.

## 1.2.2 Statistikk

Offentleg statistikk er henta frå KOSTRA, og viser tal frå tenesteområda som er gjennomgått i analysen. KOSTRA gjer det mogleg å samanlikne tall som gjeld for kommunen med gjennomsnittet for andre kommunar av liknande storleik (kommunegruppa) og for landet.


### 1.2.3 Spørjeundersøking

Det er sendt ut ei elektronisk spørjeundersøking til einingsleiarar i kommunen. Spørjeundersøkinga blei sendt ut til 14 leiarar og vi fekk svar frå åtte leiarar innan fristen (57 prosent). Det er også sendt ut ei spørjeundersøking til elleve hovudtillitsvalte og hovudverneombod og til politikarar. Ingen av dei hovudtillitsvalde og hovudverneombod svarte på undersøkinga, og seks politikarar (35 prosent) har svart på undersøkinga. I spørjeundersøkinga blei det mellom anna stilt spørsmål om kva område i kommunen ein meiner det er knytt særskilt risiko til.

I tillegg til spørjeundersøkingane er det gjennomført intervju med rådmannen, der vi har gått gjennom hovedpunktene i analysen.

#### 1.2.4 Prosessmøte i kontrollutvalet

Innleiingsvis i prosessen ble det gjennomført eit risikospel i kontrollutvalet der det ble gjort ei systematisk vurdering av risiko innanfor dei ulike tenesteområda i kommunen. Informasjonen frå prosessmøtet er tatt inn som ein del av datagrunnlaget for rapporten.



### 1.3 Lesarretteiing

Innspela som er samla inn i samband med den overordna analysen er systematisert og framstilt i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Risikovurderingane og forslag til prosjekt er basert på ein overordna gjennomgang av kommunen sine tenesteområde.

I kapittel 2 presenterer vi oversikta over identifiserte risikoområde som er eit resultat av undersøkinga vi har gjort i samband med analysearbeidet.

Risikovurderingane dannar grunnlag for forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekta blir presentert i kapittel 3. Forsлага til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkefølge. Prioritering og val av prosjekt skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å legge til og/eller ta vekk prosjekt i forhold til lista som her er presentert. Endeleg prioritering av prosjekt blir framstilt i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, som skal leggast fram for kommunestyret.

I kapittel 4 presenterer vi ei oversikt over tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar.

KOSTRA-tala vi har gjennomgått er lagt ved som vedlegg til rapporten.

## 2. Oversikt over identifiserte risikoområde

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon vil vi i dette kapittelet oppsummere og vurdere risiko for manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving og effektivitet som er identifisert innan dei respektive områda i Bokn kommune som er gjennomgått.

Risikonivå er i tabellane nedanfor farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

**Tabell 1 Fargesymbol**

**Fargesymbol Skildring av vurdering av risiko**

Fargesymbol	Skildring av vurdering av risiko
	<b>«Høg risiko»</b> På område som er merka med raudt meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving eller effektivitet. Vurdering av årsak (sannsynlegheit) og verknad (konsekvens) gjev grunnlag for Deloitte si risikovurdering for kvart område.
	<b>«Middels risiko»</b> På område som er merka med gult meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving eller effektivitet. Vurdering av årsak (sannsynlegheit) og verknad (konsekvens) gjev grunnlag for Deloitte si risikovurdering for kvart område.


Det er viktig å påpeike at risikovurderingane er skjønnsmessige, og vurderinger er basert på føreliggande informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er foreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvalnings-revisjonsprosjekt i den planen som blir lagt fram for kommunestyret.

Vi vil understreke at ikkje all informasjon som går fram er verifisert av kommunen, og bør derfor ikkje nyttast som fakta utan at ytterlegare undersøkingar er gjennomført.

## 2.1 Bakgrunn

Organiseringa til Bokn kommune går fram av organisasjonskartet nedanfor.

**Figur 1: Organisasjonskart Bokn kommune.**



### 2.1.1 Finansielle nøkkeltall

Det går fram av rådmannen i Bokn kommune sitt forslag til drifts- og investeringsbudsjett 2016 og økonomiplan 2017-2019<sup>1</sup> at kommunen sitt driftsresultat har vore nedadgåande dei siste åra. Dette skuldast dels reduserte rammeoverføringer og dels at kommunen har hatt høge uforutsigbare utgifter til ressurskrevjande brukarar, barnevern og spesialpedagogiske tiltak dei siste åra.

KOSTRA-tala viser at Bokn kommune har hatt ei auke i netto lånegjeld og langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter frå 2014 til 2015, og i 2015 ligg dei over gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo på langsiktig gjeld. Sjå Tabell 2i vedlegget.

Det går vidare fram av kommunen sin økonomiplan at kommunen held på med bygging av fleirbrukshall, planlegging av utbygging av vassverket, samt utbygging av Førevikvegen. Kommunen står også framfor store vedlikehaldsoppgåver på skulen, samt er det behov for planlegging og bygging av nye sjukeheimspllassar og omsorgsbustader, brannsikringstiltak på Bokn sjukkestove, samt investering i ny brannbil og nytt brannutstyr. Desse forholda gjer at kommunen sin økonomi vil vere stram i mange år framover.

KOSTRA-tala viser at Bokn kommune har høgare netto driftsutgifter til tilrettelegging og bistand for næringslivet i prosent av samla netto driftsutgifter. Til tross for ein nedgang i netto driftsutgifter frå 2014 til 2015 ligg Bokn kommune framleis over gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo på denne variabelen. Sjå tabell 3 i vedlegget.

### 2.1.2 Befolkningsutvikling

Det går fram av Bokn kommune sin økonomiplan at kommunen har hatt ein stagnasjon i folketalet med mellom anna svært små fødselskull. Dette har ført til at rammetilskottet til Bokn kommune har hatt lågare vekst enn andre kommunar. I tabellen nedanfor ser ein at innbyggartalet i

<sup>1</sup> Bokn kommune – Rådmannen sitt forslag til drifts- og investeringsbudsjett 2016 og økonomiplan 2017-2019, s.2-4.

kommunen fram til tredje kvartal av 2015 har vore stabilt i forhold til 2014. Fødselstalet er fortsatt lågt, men har stege noko dei siste åra.

ÅR	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Fødde	13	8	6	5	1	7	8
Døde	7	10	6	3	2	4	7
Fødselsoverskott	6	-2	0	2	-1	3	1
Innflytting	43	49	43	54	21	28	29
Utflytting	29	41	29	45	15	34	31
Netto flytting	14	8	14	9	6	-6	-2
Folketalsvekst	20	6	14	11	5	-3	-1
Sum innbyggjarar	831	837	851	863	868	865	864

**Figur 2: Befolkningsutvikling i Bokn kommune 2009- 3.kvartal 2015. Kjelde: Rådmannen sitt forslag til drifts- og investeringsbudsjett 2016 og økonomiplan 2017-2019, Bokn kommune.**

## 2.2 Sentraladministrasjon

Sentraladministrasjonen omfattar dei politiske og administrative tenesta i kommunen. Dei administrative funksjonane er rådmann, data, servicetorg, økonomi, løn og personal. Drifta i administrasjonen omfattar kundemottak, sentralbord, post, arkiv, felles innkjøp, sekretariat for politiske utval, interne merkantile tenester til og for seksjonane, økonomistyring, budsjett, innkjøpsavtaler, rekneskap, løn, fakturering, generell personalpolitikk, HMS/arbeidsmiljø og IKT-drift og -strategi. Rådmannen sine funksjonar er overordna styring og kontroll, juridisk bistand, interkommunalt/regionalt arbeid, NAV, barnevern, beredskap, sekretærfunksjon for formannskap og kommunestyre, næringsarbeid og kommuneplanarbeid.

I Bokn kommune si årsmelding for 2015 blir det opplyst at det på grunn av vakanse i ein seksjonssjefstilling blei gjort ei organisasjonsendring med verknad frå 1.1.2015. Rådmannen overtok då ansvaret for NAV/sosial og barnevern, medan økonomisjefstillinga blei omgjort til kommunalsjef administrasjon med ansvar for servicetorg, økonomiavdeling og IKT.

### 2.2.1 Samfunnstryggleik og beredskap

I 2014 gjennomførte Fylkesmannen i Rogaland eit tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Bokn kommune.<sup>2</sup> Tilsynet avdekte følgjande avvik og merknader:

1. **Avvik 1:** Bokn kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje alle krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt.
2. **Avvik 2:** Bokn kommune sin overordna beredskapsplan oppfyller ikkje alle krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt.
3. **Avvik 3:** Bokn kommune oppfyller ikkje krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt til eit system for opplæring og øvingar.
4. **Merknad 1:** Bokn har eit forbettingspotensial når det gjeld å arbeide meir systematisk med samfunnstryggleik og beredskap og dokumentere dette skriftleg. Dette gjeld særleg arbeidet med å sikre at tiltaka i ROS-analysen og måla i kommuneplanen blir følgde opp, prioriterte og gjort meir synlege i kommunen sine styringsdokument.
5. **Merknad 2:** Sjølv om Bokn kommune evaluerer hendingar og øvingar, har desse berre i varierande grad blitt nedskrivne. Fylkesmannen meiner at mykje verdfull informasjon kan gå tapt når kommunen ikkje systematisk skriv ned alle konklusjonane etter desse evalueringane og betre skildrar grunnlaget for oppfølging.

Det går fram av Bokn kommune si årsmelding for 2015 at kommunen i etterkant av dette tilsynet har, i samarbeid med ulike eksterne aktørar (politi, brann, næringsliv etc.) starta arbeidet med ny overordna risiko- og sårbarheitsanalyse. Overordna ROS og overordna beredskapsplan blei ferdigstilt og sendt over til Fylkesmannen våren 2015, og skal leggast fram for kommunestyret for endeleg godkjenning.

<sup>2</sup> Fylkesmannen i Rogaland – Rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Bokn kommune 14.oktober 2014.

## 2.2.2 Barnevern

Det går fram av Bokn kommune si årsmelding for 2015 at kommunen frå 1.1.2014 har vært i eit interkommunalt samarbeid med Karmøy kommune om barnevernstenester. Karmøy er vertskommune for tenesta.

## 2.2.3 Sosiale tenester

Det går fram av rådmannen i Bokn kommune sitt forslag til budsjett og økonomoplan at arbeidsløysa i kommunen er høg, den ligg no på 5,6 prosent. Dette er den høgaste arbeidsløysa i Rogaland. Stor arbeidsløyse førar ofte til auka utgifter til økonomisk sosialhjelp. Det går likevel fram av budsjettforslaget at budsjettet for sosiale ytingar i 2016 ikkje er auka, men at kommunen har vidareført budsjettet frå 2015. Kommunen etablerte i 2012 eit sysselsettingsprosjekt som hadde som føremål å gje arbeidstilbod til personar som mottar sosiale ytingar, slik at det kan opparbeide seg arbeidspraksis og løn i staden for å få økonomisk sosialhjelp. Dette prosjektet blei vidareført av formannskapet til mars 2014. Det er ikkje satt av midlar til dette på budsjettet for 2016.

I tabellen under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekkja i denne undersøkinga:

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Internkontroll	Det vert påpeikt at det er manglende internkontroll-rutinar på mange område i organisasjonen.  Det går fram at det finst system for avvikshandtering, men at det i mange tilfelle er lite fokus på og bruk av desse.	Auka risiko for at feil og manglar oppstår og ikkje vert avdekt på eit tidleg tidspunkt.  Manglende kvalitetssikring av sentrale arbeidsprosessar.		Det vert påpeikt at oppfølginga etter forvaltningsrevisjon av post-/arkivhandtering vil gi positive effektar for arbeidet med internkontrollen.
Informasjons-tryggleik	Det vert påpeikt at det er ein risiko knytt til informasjons-tryggleik, då kommunen handterer mykje sensitive data.  Det går fram av undersøkinga at det er utfordrande å etterleve lovverket for personvern og informasjons-tryggleik, og at det manglar rutinar for personvern og informasjonstryggleik i delar av organisasjonen.	Risiko for at person-opplysningar og annan fortruleg informasjon ikkje er tilstrekkeleg sikra og kan kome på avvegar, endrast eller verte utilgjengeleg.		
	Det går fram at kommunen generelt sett har hatt eit etterslep på IKT-området, der ein mellom anna har vore seine med å gjennomføre oppgraderingar, og at ein no er i ferd med fleire utviklings-tiltak på dette området.			

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Vedtaksoppfølging	Det vert i undersøkinga stilt spørsmål om administrasjonen i tilstrekkeleg grad følger opp politiske vedtak, og om det er tilstrekkeleg gode system og ruinar for vedtaksoppfølging.	Risiko for manglande vedtaksoppfølging.		Det vert påpeikt at tiltak som vert sett i verk etter forvaltningsrevisjon av post-/arkiv-handtering vil gi eit betre grunnlag for å arbeide systematisk med vedtaksoppfølginga.
Habilitet	Det vert i undersøkinga stilt spørsmål om det er tilstrekkeleg med system og rutinar for å handtere saker der det er mogleg habilitetskonflikt.	Risiko for at vedtak som er fatta ikkje er gyldige.  Mislegheitsrisiko.  Omdømmerisiko.		
Sakshandsaming innan NAV	Det går fram at det manglar sakshandsamingssystem for sosialsaker	Mindre effektivitet i sakshandsaminga		
Offentlegheit og arkivering	Det går fram av undersøkinga at det ikke er på plass ein oppdatert arkivplan.  Vidare går det fram at ikkje alle system og sakshandsamarrutinar vert etterlevd.	Risiko for at ein ikke arkiverer på riktig måte og at dokumentasjon forsvinn.  Manglande effektivitet i sakshandsaminga.		Det har nyleg vorte gjennomført ein forvaltningsrevisjon på dette området.
Prosjektstyring	Det går fram av undersøkinga at det er utfordrande å gjennomføre prosjekt og utviklingsprosessar i kommunen på grunn av manglande ressursar/bemanning.  Det vert samstundes påpeikt at kommunen i liten grad har tatt i bruk prosjektorganisering som verktøy, utover dei største byggjeprosjekta.	Nye system vert ikkje implementert.  Manglande måloppnåing		

## 2.3 Kultur, skule og barnehage

Seksjon kultur, skule og barnehage omfattar barnehage, grunnskule, vaksenopplæring, pedagogisk psykologisk teneste (Karmøy PPT), kultur, kunstformidling, barne- og ungdomsarbeid, idrett og friluftsliv, museum, bibliotek, musikk- og kulturskule og bygdabladet. Bokn kommune har ein sentralisert barnehage- og skulestruktur med ein barnehage og ein skule. Skulen og barnehagen ligg lokalisert nært kvarandre, noko som legg til rette for eit nært samarbeid.

Det vert påpeikt i årsmeldinga for 2015 at Bokn kommune på *Kommunebarometeret* skårar høgt på skule, barnehage og kultur.

Det går fram av rådmannen sitt forslag til budsjett og økonomiplan at netto driftsramme for 2016 for seksjon kultur, skule og barnehage er på kr 24 877 000,-. Det er lagt opp til ein del endringar av drifta i forhold til 2015-budsjettet, og det er også gjort nokre omfordelingar av ressursar innad i seksjonen i høve til oppgåvefordelinga. Det går vidare fram av rådmannen sitt forslag til budsjett at det på grunn av stramme økonomiske rammer i kommunen i liten grad er rom for å møte seksjonen sine ønskjer om midlar til nye tiltak og investeringar. Det er i første rekke lagt vekt på å redusere kostnadsnivået i seksjonen for å klare og halde budjettramma for 2016. I løpet av 2015 har det blitt gjort organisatoriske endringar i skulen, samt stillingsreduksjonar i både skule og barnehage.

### **2.3.1 Barnehage**

Det går fram av rådmannen i Bokn kommune sitt budsjettforslag at kommunen har lagt opp til ein reduksjon i barnehagebudsjettet for 2016. Ved oppstart av barnehageåret hausten 2015 hadde 34 barn plass i barnehagen, noko som er ein nedgang på fire plassar frå førre barnehageår. Lågt fødselstal dei siste åra gjer at kommunen har overskot på barnehageplassar. Barnehagen tilbyr plassar til barn i nabokommunar. Ved oppstart av barnehageåret 2015 blei tre avdelingar redusert til to, noko som har gjort drifta meir effektiv for bruk av personal. Barnehagen har redusert kostnader til spesialpedagogiske tiltak grunn barn sin overgang til skulen, men har fokus på tilpassa hjelp innanfor det ordinær tilbodet. Det går vidare fram av forslaget til budsjett og økonomiplan at barnehagen tidlegare har hatt store utfordringar når det gjeld areal. Hausten 2014 stod ei ny avdeling klar til bruk. Dette har medført at driftsutgifter til straum, reinhald og forsikring har auka, medan talet på tilsette er redusert grunna nedgang i talet barnehageplassar.

Det går fram av årsmelding for 2015 at barnehagen har hatt høgt sjukefråvær, hovudsakleg landtidsfråvær. Dette sjukefråværet blei redusert frå 12,1 prosent i 2014 til 10,6 prosent i 2015.

Det går fram av KOSTRA-tala at Bokn kommune frå 2013 til 2015 har hatt ein nedgang i delen barn mellom 1-5 år med barnehageplass, og Bokn ligg under gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i heile perioden. Sjå Tabell 5 i vedlegget.

### **2.3.2 Grunnskule**

Årsmelding for 2015 viser til at Bokn skule hadde eit overforbruk på drøye 500 000 kroner i 2015. Overforbruket skuldast hovudsakleg høgt tal på tilsette i første halvår av 2015, noko som er på grunn av høg grad av spesialpedagogisk hjelp og styrkingstiltak. Dette blei vesentleg redusert hausten 2015. Samstundes går det fram av rådmannen i Bokn kommune sitt forslag til budsjett og økonomiplan at skulebudsjettet for 2016 er auka noko for å tilpasse drift og spesialpedagogiske tiltak til nye elevar. Det er hovudsakleg omfordelt stillingar frå barnehage til skulen. Skulen har hatt høgare stillingstal enn budsjettet for i 2014. Dette blei det gjort grep for å redusere i 2015. Skulen har kartlagt behovet for bemanning, og redusert stillingar ved naturleg avgang. Det er for 2015 gjort tiltak i form av reduksjon av om lag fem stillingar for å redusere utgifter og holde budsjettet. Det går vidare fram av budsjettet at det er naudsynt med oppgradering av skulen, samt utskifting av innbu og inventar. Dette er det ikkje funne rom for i budsjettet for 2016.

KOSTRA-tala viser at Bokn kommune har høgare netto driftsutgifter til grunnskulesektoren samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013-2015. Bokn kommune hadde i 2013 og 2014 hadde ein høgare del elevar i grunnskulen som fikk spesialundervisning samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo, men reduserte denne delen i 2015, og Bokn ligg under gjennomsnitta for kommunegruppa og landet utan Oslo dette året. Dette er bekrefta i årsmelding for 2015 der det går fram at Bokn skule har redusert tal på elevar som mottar spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova, frå 12,3 prosent skuleåret 2014/2015 til 7,4 prosent for skuleåret 2015/2016. Skulen arbeider aktivt med å gje tilpassa opplæring innanfor den ordinære undervisninga. KOSTRA-tala viser også at Bokn kommune i 2013 og 2015 ikkje hadde nokon elevar som fekk særskilt norskopplæring, og i 2013-2015 var det ingen som fekk morsmålsopplæring. Sjå Tabell 6 i vedlegget.

Det går fram av årsmelding for 2015 at Bokn skule har hatt ein reduksjon i sjukefråværet dei siste åra, og frå 2014 til 2015 blei sjukefråværet redusert frå 5,7 til 3,3 prosent. Samstundes har skulen hatt utfordringar med eigenmeld fråvær, sjølv om sjukefråværet samla er relativt lågt. Det blir vidare peika på at skulen har vore gjennom ein effektivisering på personalsida for å få betre samsvar mellom elevtalet og tal på tilsette. Dette har ført til at det i 2015 har vore større behov for ringevikarar ved fråvær.

I 2015 blei det av Fylkesmannen i Rogaland gjennomført eit tilsyn av skulen i Bokn kommune sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, samt av Bokn skule og barnehage sin

forvaltningskompetanse.<sup>3</sup> Av tilsynsrapporten blir det konstateret lovbro, og Fylkesmannen presenterer følgjande pålegg for Bokn kommune:

- 1) Bokn kommune må syte for at arbeidet med individuelle opplæringsplanar ved Bokn skule og barnehage er i samsvar med opplæringslova. Bokn kommune må i samband med dette sjå til at:
  - a) Innholdet i IOP samsvarar med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa, medrekna når det er gjort avvik frå LK06.
- 2) Bokn kommune må syte for at den individuelle undervegsvurderinga ved Bokn skule og barnehage medverkar til at elevane får realisert moglegitene sine til å nå måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5 og forskrift til opplæringslova §§ 3-1, 3-2, 3-11, 3-12 og 3-13. Bokn kommune må i samband med dette sjå til at:
  - b) Lærarane syter for å involvere elevane i vurderinga av eige læringsarbeid
- 3) Bokn kommune må syte for at saksbehandlinga ved Bokn skule og barnehage oppfyller krava til enkeltvedtak i forvaltningslova, jf. forvaltningslova §§ 24, 25 og 27. Bokn kommune må i samband med dette sjå til at:
  - f) Enkeltvedtaket inneholder informasjon om
    - faktiske forhold som er lagde til grunn
    - kva for omsyn som er vektalde
- 4) Bokn kommune må syte for at Bokn skule og barnehage ved behov for og stans av behov for særskild språkopplæring oppfyller forvaltningslova § 2 og kapittel IV og V og opplæringslova § 2-8. Bokn kommune må i samband med dette sjå til at:
  - g) Det blir gjort enkeltvedtak for elevar som har rett til særskild språkopplæring.
  - h) Enkeltvedtaket inneholder opplysningar om - tal på timer med særskild språkkopplæring
    - kva for ein læreplan eleven skal følgje - organisering av den særskilte språkopplæringa, medrekna om opplæringa skal gå føre seg på ein annan skule
  - i) Det blir gjort enkeltvedtak om stans av særskild språkopplæring når eleven blir overført til den ordinære opplæringa

Det går fram av data frå Skoleporten<sup>4</sup> at Bokn kommune scorar lågare på læringskultur i elevundersøkinga for 7. trinn samanlikna med gjennomsnittet for Rogaland fylke og det nasjonale gjennomsnittet. Bokn scorar også lågare enn desse gjennomsnitta når det gjeld elevdemokrati og medverknad og fagleg utfordring. Bokn ligg under gjennomsnittet for Rogaland og landet når det gjeld støtte frå lærarar og vurdering for læring. Bokn har høgare del elevar som har opplevd mobbing på skulen samanlikna med gjennomsnittet for Rogaland og landet. Sjå figur 3 i vedlegget.

### 2.3.3 Kultur

Det går fram av rådmannen i Bokn kommune sitt forslag til budsjett og økonomiplan at kulturbudsjettet for kommunen er ei vidareføring av aktiviteten frå året før. Bygging av Bokn Fleirbrukshall skal fullførast i 2016 og vil såleis legge grunnlag for eit stort fokus på idrett og annan aktivitet i kommunen.

KOSTRA-tala viser at Bokn kommune har høgare netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent at kommunen sine totale netto driftsutgifter samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo.

I tabellen under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekkja i denne undersøkinga:

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Aktivitetstilbod	Det blir påpeikt at det har vore utfordrande å sikre gode aktivitetstilbod til ungdom over 16 i kommunen.	Manglande aktivitetstilbod.		



<sup>3</sup> Fylkesmannen i Rogaland – Tilsynsrapport, Del 1: Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Del 2: Forvaltningskompetanse – Bokn kommune – Bokn skule og barnehage, 22.desember 2015.

<sup>4</sup> www.skoleporten.udir.no

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Sjukefråvere	Det går fram av statistikken at det har vore eit stor utfordring knytt til sjukefråvere innan skule og barnehage.	Manglane ressursar til å gjennomføre tenestene. Behov for vikarar.		
Tilpassa opplæring og spesial-undervising	Det vert i undersøkinga påpeikt at det er viktig å sikre god hjelp til dei elevane som har særskilte behov, samstundes som ein må syte for at også den ordinære opplæringa vert tilpassa elevane.  Det vert også påpeikt at Bokn nyttar Karmøy kommune sitt PPT-kontor, og at dette inneber at det ikkje er ei direkte, løpende oppfølging av tenestene frå kommunaleiinga.	Risiko for at elevar ikkje får dei spesialpedagogiske tenestene dei har krav på.  Risiko for at vedtak ikkje vert fatta i samsvar med krav i regelverket.  Risiko for at den ordinære opplæringa ikkje er godt nok tilpassa elevane.		
	Det går fram av årsmeldinga til kommunen at talet på elevar med vedtak om spesialundervisning har gått ned, og at det vert jobba aktivt med tilpassa opplæring.  Bokn kommune har mellom anna vore tilknyttt prosjektet «Haugalandsløftet», som har arbeidd med å få ned bruken av spesialundervisning.			
	Det har i tilsyn frå fylkesmannen vorte påpeikt avvik knytt til enkeltvedtak som vert fatta i skulen.			
Mobbing og skolemiljø	Det går fram av statistikk at Bokn scorar noko dårligare på elevundersøkinga enn samanliknbare kommunar.	Kan føre til alvorlege konsekvensar for dei som vert mobba.		

## 2.4 Helse, pleie og omsorg

Seksjon helse, pleie og omsorg omfattar følgjande tenester:

- Legekontor
- Helsestasjon med skulehelseteneste
- Jordmor
- Fysioterapeut
- Psykisk helseteneste og førebygging
- Sjukkestove
- Heimetenester
- Bu og aktivitet

Det går fram av årsmeldinga for 2015 at seksjonen hadde eit sjukefråvær på 8,2 prosent i 2015. Dette er ein nedgang frå 8,9 prosent i 2014. Det blir arbeidd aktivt med å kartlegge årsaker og sette inn tiltak for å redusere sjukefråværet.

#### 2.4.1 Kommunehelse

Det går fram av budsjettforslaget at Bokn kommune i mange år har hatt eit legevaktsamarbeid med Tysvær og Sveio kommune. Frå 1. september 2015 blei Bokn kommune del av eit midlertidig interkommunalt legevaktsamarbeid i Haugesund. Samarbeidet omfattar også legevakttelefon. Frå 1.januar 2016 har Bokn kommune gjort avtale med Haugesund kommune om kjøp av augeblicklege hjelpe døgnopphald senger. Parallelt med dette arbeidet er det sett i gang to interkommunale utgreiingar om framtidig interkommunal legevakt – ei leia av Haugesund kommune og ei annan av Karmøy kommune. Bokn er representert i alle prosessane. Når utgreiingane er fullført vil det bli lagt fram ei samla sak om dei ulike alternativa for politisk handtering i den einskilde kommunane i løpet av 2016.<sup>5</sup>

KOSTRA-tala viser at Bokn kommune i 2013 og 2014 hadde høgare netto driftsutgifter i prosent av samla netto driftsutgifter til kommunehelse samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo, og Bokn låg også høgare enn gjennomsnittet for landet utan Oslo på denne variabelen i 2015. Det går vidare fram av KOSTRA-tala at Bokn har hatt ein nedgang i delen barn som har fullført helseundersøking ved 2-3 årsalderen frå 2013 til 2014 og ein ytterlegare nedgang frå 2014 til 2015. I 2014 og 2014 ligg Bokn kommune under gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo på denne variabelen. Sjå tabell 10 i vedlegget.

#### 2.4.2 Pleie og omsorg

KOSTRA-tala viser at ein høgare del av Bokn kommune sine netto driftsutgifter til pleie og omsorg går til institusjonar samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013 til 2015. Det går samstundes fram at Bokn kommune har ein høgare del bebuarar i aldersgruppa 80 år og over på institusjon samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013 til 2015. Det går vidare fram av KOSTRA-tala at Bokn kommune i 2014 hadde ein høgare del legmeldt sjukefråvær av totalt tal kommunale årsverk i brukarretta teneste samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Det føreligg ikkje tal for 2015 på denne variabelen. Sjå tabell 12 i vedlegget.

I tabellen under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekka i denne undersøkinga:

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Rusomsorg	Det vert gjeve uttrykk for at kommunen sitt tilbod om rusomsorg ikkje er godt nok.	Auka risiko for at ei sårbar brukargruppe ikkje får den hjelpe dei har behov for.		

<sup>5</sup> Bokn kommune – Rådmannen sitt forslag til drifts- og investeringsbudsjett og økonomiplan 2017-2019, s. 38.

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Ressursbruk innan helse, pleie og omsorg	Det vert påpeikt at enkelte delar av sektoren har hatt ressurskrevjande brukarar.	Risiko for manglande fleksibilitet i behandlings-tilbodet ved auke i talet på pasientar.		
	Sjukemeldingar kan føre til at ein manglar grunnbemanning.	Økonomisk risiko/behov for å leige inn ekstravikarar.		
Utvikling og kvalitetsarbeid innan helse- og omsorgssektoren	Det går fram av undersøkinga at ordinær drift krev mest kapasitet, og at dette kan gå ut over utviklingsarbeidet.	Risiko for at tenestetilbodet ikkje vert så godt og effektivt som ein ynskjer.		
	Det går samstundes fram at ein heile tida arbeider med å forbetre system og rutinar innan til dømes pleie- og omsorgsområdet.			

## 2.5 Teknisk

Seksjon teknisk har ansvar for drift og vedlikehald av alle kommunale bygg. Seksjonen står også for drift og vedlikehald av vassverk og vassreinsing, samt leidningsnett for forbruksvatn. Seksjon teknisk driv avlaupsanlegg med slamavskiljar og pumpestasjonar, samt at dei står for vedlikehald av vear og offentlege plassar. Seksjon teknisk skal utarbeide planar og handsome plan- og byggjesaker og er sekretær for forvaltningsstyret. Førebyggjande brannvern og brann- og redningsoppgåver ligg og til seksjon teknisk, samt ansvar for god forvaltning av fiske- og viltressursane i kommunen.

Seksjon teknisk har fire årsverk/stillingar, samt 17 personar som er med i det frivillige brannkorpsset og ein ekstern medarbeidar som tek del i vaktordninga på vassverket.

### 2.5.1 Byggjesak, oppmåling

Årsmelding for 2015 viser til at dei største utfordringane innan for seksjon tekniske er å møte krav til vedlikehald og opprusting av bygg, vear og grøntanlegg. Dei midlane og den arbeidskrafta kommunen har til rådvelde set grenser som gjer at ein ikkje kan holde ein høg kvalitet på vedlikehaldet på alle felt. Det blir vidare peika på at kravet om planar som grunnlag for kommunale forvaltningsvedtak blir stadig strengare. Krav til konsekvensutgreiing på mange felt gjer at planarbeidet tek lengre til og gjer planane dyrare. Det blir vidare i årsmeldinga peika på at det er ein stor oppgåve å følgje opp krav til internkontroll og kvalitetssikring. Krava til dokumentasjon i byggjesak og planarbeid er strenge, og det er eit aukande krav frå publikum om at alle papir skal vere på plass og at offentlege kartverk skal vere oppdaterte. Dette stiller krav til kommunen om å bruke mykje tid og ressursar på opplæring og oppdatering. Teknisk seksjon skal famne om mange fagfelt, og aukande krav til kompetanse gjer det vanskelegare å gjere eit effektivt og fagleg godt nok arbeid i sakshandsaminga.

KOSTRA-tala viser at Bokn kommune har høgare netto driftsutgifter til fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø i prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter, samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013-2015. Bokn har også høgare netto driftsutgifter for bygge-, delesakshandsaming og seksjonering, og til kart og oppmåling, som del av kommunen sine samla netto driftsutgifter samanlikna med dei same gruppene i same periode. Det går vidare fram av KOSTRA-tala at Bokn har høgare del driftsutgifter til plansakshandsaming av totale driftsutgifter til fysisk tilrettelegging og planlegging samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i 2013-2015. Når det gjeld gjennomsnittleg sakshandsamingstid for byggesaker med 12 vekers frist har Bokn kommune hatt ein nedgang frå 2013 til 2015, men ligg framleis alle tre åra over gjennomsnittet for landet utan Oslo. I følgje KOSTRA overskred Bokn kommune lovpålagt sakshandsamingstid i 95 prosent av søknadane om tiltak. Vidare går det fram at Bokn kommune i 2013 og 2014 hadde ei

